



Villanger & Sønner AS
KNARVIK
5914 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 19/493 - 19/3947

Saksbehandlar:
Katrine Bjordal Midttun
katrine.bjordal.midttun@radoy.kommune.no

Dato:
11.03.2019

Byggesak GBNR 24/313 Bø - Einebustad og garasje- mellombels svar og trong for tilleggsinformasjon

Radøy kommune stadfestar å ha motteke dykkar søknad om løyve om søknad om einebustad og garasje i eitt-trinn den 26.02.2019.

Mottakskontroll

Kommunen gjer merksam på at vilkåret om 3 vekers frist ikkje er oppfylt. Omsøkte tiltak krev dispensasjon og sakshandsamingsfrista er 12 veker.

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Før søknaden kan handsamast må følgjande rettast:

- Tiltaket krev dispensasjon frå reguleringsplanen for Nordbø. Planid: 12602012000900. Følgjande kjem fram av føresegna § 6:

§6 BYGGJEOMRÅDE FOR BUSTADER

1. Arealet viser eksisterande bustader med tomtegrenser, og eit større bustadareal der nye bustader og tomtegrenser ikkje er vist i detalj. Det skal utarbeidast eigen utbyggjingsplan for dette området, som skal handsamast i bygningsrådet.

Det må søkast om dispensasjon frå plankravet.

Søknad om dispensasjon skal vere særskilt grunngjeve og skal nabovarslast, jf. Pbl. § 19-1.

Frist for retting av mangler er 29.03.2019.

Når søknad er komplett vil søknad om dispensasjon vorte sendt til høyring til andre regionale og lokale styresmakter som har uttalerett.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslegen.

Med helsing

Silje Haukedal
konst. leiar teknisk forvaltning

Katrine Bjordal Midttun
jurist byggesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Villanger & Sønner AS

KNARVIK

5914

ISDALSTØ